



TEATER VESTLAND

ÅRSMELDING 2021

INNHALD

- 3 Leiar
- 6 Repertoar
- 6 Du og eg og dei to
- 8 Raudhette
- 10 Katteblues
- 12 Kva vil ein sommar anna enn kjærleik
- 14 Bondetinget
- 16 Are Kalvø Toppar VG-lista
- 18 Jenta med fyrstikkene
- 20 Co-produksjonar/samarbeid
- 21 Ny turnérute: «Hus vi er glade i»
- 22 Scenekunst for barn
- 24 Teater og Digitalisering
- 25 Podcast: Bak maska
- 26 Nynorskhus-tidslinje
- 27 Nasjonalt kraftsentrum for nynorsk scenekunst
- 28 Open audition
- 29 Regissørutlysing
- 30 Statistikk
- 31 Befolkningsundersøking
- 32 Styret si årsmelding
- 34 Rekneskap
- 36 Notar
- 41 Melding frå revisor
- 43 Personale/ styre og vara

TEATERÅRET 2021

Teater Vestland sitt samfunnsoppdrag er å produsere profesjonelt teater til alle som bur i Vestland fylke. I 2021 har vi reist i 44 år på smale vestlandsvegar. Trass utfordringar knytte til pandemien kan vi sjå tilbake på eit særst vellykka kunstnarleg år, der vi heile tida har vore på turné med ulike teateropplevingar.

Sesongen 2021 har hatt to overskrifter: «Teater som møteplass» og «Den politiske hausten», og Teater Vestland har produsert ti framsyningar med stor variasjon både i sjanger, tema og format: komedie, tragedie, dokumentarteater, klassikarar, nyskrivne verk og adaptasjonar. Vi ser tilbake på eit særst vellykka kunstnarleg år med strålende meldingar både i lokal og nasjonal presse.

Teater Vestland er turnéteateret i Vestland fylke. Eitt av våre viktigaste mål er difor knytt til turné, publikumsbygging og å nå ut til nye publikumsgrupper. Vårt hovudmål er å kome med teateropplevingar der folk bur. Det er 15 sertifiserte kulturhus i heile fylket. Difor har Teater Vestland i mange år vist hovudsceneproduksjonane i store idrettshallar, i tillegg til å vitje kulturhusa i fylket. I 2016 lanserte teateret ei mobil intimszene med plass til 65 publikummarar, og i 2021 var den største endringa i turnedrifta opninga av den nye turnéruta som vi har kalla «Hus vi er glade i».

Komedien «Du og eg og dei to» blei den første framsyninga i den nye grendehusruta. Marc Svahnström har skrive ein samtidskomedie om to venepar som kjenner kvarandre ut og inn. Men over ein laurdagsmiddag går bomba av: Per og Pia skal skiljast. Både Ann og Anders er i sjokk. Det må vere ei misforståing. Etter kvart kjem

dei store spørsmåla opp: Om Ann og Anders ikkje kjende Pia og Per så godt som dei trudde, kjenner dei då kvarandre? Kan det vere at Pia og Per forventar for mykje av kjærleikslivet etter nesten tjue år, eller forventar Ann og Anders for lite? Og kan ein eigentleg slå opp med sine beste venner?

Framsyninga blei godt teken imot av presse og publikum. Scenekunst.no skriv «Ein etterlengta latter i koronakulda. Å, så godt det er å le att! Sjølv om eg legg ein dempar på mine egne latterkuler når det berre er ni andre i salen.» For store delar av turen hadde ei maksimumsgrense på 10 publikummarar som følgje av nasjonale retningslinjer for salar utan fastmonterte stolar.

«Det er ingen daudpunkt, og det er imponerende korleis dei fire skodespelarane klarer å halde trykket oppe gjennom alle tre aktar når det berre er ti tilskodarar på grunn av koronatiltaka. Spinkel humring kan ikkje gje den same responsen som eit større publikum. Men vi ler høgare etter kvart. Kanskje er det ei slags forståing for at vi har eit større ansvar enn vanleg for samspelet mellom skodespelarane og oss. Vi kosar oss, vi set pris på dette, høyrer de?»

Og det har vore gjennomgåande i året vi no legg bak oss, at sjølv om vi ikkje har fått lov til å fylle salane, så har publikum sett pris på at vi kjem. Vi opplever at dei har sett litt ekstra pris å få kome saman og møtest i teateret i denne tunge tida. Trass utfordringar knytte til pandemien har mange brukt teatertilbodet vi har turnert med, og vi veit at for dei fleste er det tilboda i heimkommunen som er viktigast. Regelfaste besøk av profesjonelt teater er vårt bidrag til å gjere det attraktivt å bu i heile fylket.

Med turnéruta til grendehus når vi målet vårt om at bygder, tettstadar og byar i heile regionen skal vitjast med profesjonelle framsyningar som har variasjon i både format og sjanger: hovudscene (stor), bygdehus (medium), blackbox (intimszene). Vi er stolte av å vere det einaste regionteateret i Noreg som turnerer fast på denne måten, og kan tilby den same variasjonen som du kan oppleve i ein større by der eit fast teater har fleire scener med ulik publikumskapasitet. Med auka løyvingar vil det vere mogleg for oss å utvide tilbodet slik at større delar av Vestland fylke kan få denne variasjonen i sin nærleik.

Vårt hovudmål er å komme med teateropplevingar der folk bur.

I 2021 spelte Teater Vestland på 66 ulike scener, i tillegg til bibliotek, barnehagar og på båt.

Noko av grunnen til at vi får dette til, er det gode samarbeidet vi har med alle våre lokale arrangørar og huseigarar. I løpet av 2021 har vi nytta mykje tid på å starte opp nye gode samarbeid med arrangørar i heile fylket. Det står stor respekt av å tole endringar både i kapasitet og smittevernregime, og avlysingar på kort varsel. Og ikkje minst avlysingar i tal publikummarar, 10-20-50-100, berre ikkje i den rekkefølga. Eg vil difor nytte høvet til å takke for det gode samarbeidet og den store jobben alle arrangørar og huseigarar har gjort saman med oss for at publikum skal få gode teateropplevingar.

I meldingsåret gjekk startskotet for satsinga på scenekunst for born og unge (sjå meir side 22) med

framsyninga «Raudhette og Ulven» av den prislønte regissøren Alex Byrne. Raudhette og ulven blei ei leiken og magisk framsyning der Raudhette reddar både seg sjølv og bestemora. Framsyninga, som er ein moderne adaptasjon skapt i prøvetida, fekk veldig gode meldingar både nasjonalt og lokalt. «Raudhette i girl-power versjon», «Teater Vestland sin leik- og improvisasjonsbaserte variant av «Raudehette og Ulven» viser kvifor eventyret blir ståande som ein klassikar» og «det mest påfallende ved iscenesettelsen er motet til å gå inn i både det alvorlige, groteske og farlige.» er nokre av dei gode meldingane framsyninga hausta. «Raudhette» blei den

Eg er stolt av å leie eit hus, der alle dreg i same retning og heile tida jobbar for å finne gode løysingar når uventa hendingar oppstår.

aktualiserte klassikaren for born og familiar som vi hadde mål om å lage. I ein periode måtte vi spele framsyninga med ei avgrensing på maksimalt 20 publikummarar, og vi måtte avlyse halve turneen. Vi har difor bestemt at «Raudhette og ulven» skal få eit lengre liv i 2022.

På hausten hadde «Jenta med fyrstikkene» – ei interaktiv og altomsluttande framsyning – premiere, i regi av Miriam Prestøy Lie. H.C. Andersens eventyr «Piken med sovelstikkene» er eitt av dei vakreste og såraste eventyra vi har, ein udødeleg klassikar for born. Eventyret er frå ei anna tid, men det er like opprørande i dag: Kvifor er det ingen vaksne som hjelper jenta? Kvifor går dei berre

forbi? Korleis kan dei tole det? Små born har stor sans for rettferd, og dei forstår godt at eventyret handlar om nestekjærleik. Det er budskapet i jula, og få juleforteljingar stikk djupare i oss enn denne. I vår versjon inviterte vi born inn i ei nær, sanseleg og fantasirik teaterverd på intimsцена vår.

Framsyninga inngjekk i «Den politiske hausten» og var ei annleis familiefamsyning om fattigdom og død, urettferd og naud. Den problematiserte overfloda i vår del av verda og det urettferdige i at born i andre land ikkje har dei same rettane til mat, skulegang, tryggleik og skydd. I meldinga si skriv NRK ««Jenta med fyrstikkene» er intim teatermagi med ei god dose FN-realisme til slutt. Og ikkje minst: Alt det som er å elske med teater. Hattar av og på, overdådige kjolar, lyssetjing som tek deg inn i ei ny verd, snø som fell og ei svunnen tid. Samt ei tru på at endring faktisk er mogleg.»

I tillegg hadde vi premiere på «Katteblues» og Bergens Tidene melde i 2022 at «Teater Vestland fortsetter å imponere med sine forseggjorte forestillinger for barn.» Framsyninga handlar om eit lite bluegras-band starta av ein katt og ei mus. Men kan kattar og mus vere vener? Er det mogleg å bli tilgitt om du et din beste ven? Korleis skal vi respektere kvarandre og akseptere at vi er annleise, og korleis kan vi finne fram til måtar å vere saman på som skapar gode liv, trass i at vi har veldig ulike behov? Framsyninga vitja barnehagar i fylket, men fekk òg eit kortare liv enn planlagt. «Katteblues» kjem difor ut att på veggen i 2022.

Samla sett viser desse framsyningane breidda i satsinga for born og unge. Aktuelle historier i klassisk hovudsceneformat, på intimsцена og på grendehus. Komedi, politisk teater, klassikarar og nyskrivne stykke av høg kvalitet. Både

«Jenta med fyrstikkene» og «Raudhette og Ulven» blei trekte fram av mellom anna NRK og Norsk Shakespeare-tidsskrift som årets beste framsyningar i 2021, noko vi sjølv sagt er stolte av. Det lovar godt for det arbeidet vi skal gjere i satsinga for born og unge i åra som kjem.

Teater Vestland har lange tradisjonar for å spele på båt. Siste reis for teaterbåten «Innvik» gjekk i 2001, men i meldingsåret har vi tradisjonen tru laga to prosjekt på båt, eitt for vaksne og eitt for born. Vi samproduserte «Eit hjarte til jul» med Rom for ord som spelte både på bibliotek og på Bokbåten Epos i pilotprosjektet der den tidlegare bokbåten fekk eit nytt liv på sjøen som flytande litteraturhus. For vaksne laga vi framsyninga «Kva vil ein sommar anna enn kjærleik». Den vart vist på «MS Ryger-troll» som gjekk mellom Bergen og Bekkjærвик.

Hausten 2021 var det stortingsval, og overskrifta for repertoaret var «Den politiske hausten». Vi starta med «Bondetinget» – dokumentarteater om Norsk landbrukspolitikk. Det var ikkje berre stortingsval i 2021. Norges Bondelag feira 125 år i teneste for den frie, norske bonden. Landbruket har vore i ei rivande utvikling. No produserer knappe 36 000 bønder meir mat, og det billigare, enn 350 000 bønder gjorde rett etter krigen. Aldri før har så mange produsert så mykje for så lite. Men noko er stole frå dei norske distrikta. Konsekvensane er utarma bygder, nedlagde gardar, utdøyande bygdesamfunn og eit raseri som feier over landet vårt i val- og jubileumsåret 2021. Vil bygdene våre overleve? I manus og regi av Torkil Sandsund blei framsyninga ei undersøking og eit djupdykk i historia. «Bondetinget» vart spelt på grendehus i heile Vestland fylke, og hausta sær gode meldingar både lokalt og nasjonalt. Norsk Shakespeare-tidsskrift skriv at «Bondetinget gjør landbrukspolitikk til engasjerende dokumentarteater.» Og framsyninga blei ein uventa

Samla sett viser desse fram- syningane breidda i satsinga for born og unge.

publikumssuksess. Eit halvt år etter siste framsyning får teateret framleis førespurnader frå heile Noreg om vi ikkje kan kome og spele «Bondetinget». Difor vil denne framsyninga òg få eit lengre liv i 2022.

Den neste framsyninga i det politiske haustrepertoaret var samproduksjonen med Det Norske Teatret «Toppar VG - lista». Der Bondetinget tok oss med i ei historisk reise som starta for 125 år sidan, tok Are Kalvø oss med på ei historisk reise gjennom VG-lista dei siste 40 åra, der han prøver å finne meininga med livet gjennom ti songar som har lege på denne listetoppen. Dagsavisen gav framsyninga terningkast 5 og skriv «I tillegg til de ti utvalgte er det utallige andre sanger som kommer og går gjennom kvelden. De er utgangspunktet for en lang rekke digresjoner, der Are Kalvø i kjent stil ironiserer over den norske væremåten generelt, og norske politikeres væremåte spesielt. Parodiene kommer tett, og passer godt inn i valgkampen.»

I Vestland fylkeskommune sin strategi heiter det at fylket «skal vere pådrivar for eit sterkt og uavhengig regionalt kunst- og kulturliv med førsteklasses kvalitet, og ta ein sentral plass på den nasjonale og internasjonale scena.» For å kunne ta ein sentral plass nasjonalt og internasjonalt og vere ein leiande kulturregion, er det viktig å stimulere til nyskaping. Teater Vestland har lang tradisjon med å utvikle ny norsk dramatik, og har òg vunne prisar for denne satsinga. Eit ledd i nyskapinga er ambisjonen vår om å etablere eit senter for nynorsk scenespråk for skodespelarar og dramatkarar. Difor

var det ei stor glede for teateret at vi hausten 2021 fekk 1 million kroner frå Kulturdepartementet til å starte arbeidet med det vi har kalla «Nynorsk Scenespråk-senter» (les meir side 27).

I 2021 tinga Teater Vestland fire nye dramatiske verk. Med seks nye verk, ein adaptasjon av litteratur, ei ny heildigital framsyning, ein hovudsceneproduksjon, eit verk skrive for å kunne spelast i klasserom og eit tingingsverk særskilt for grendehus, meiner vi at Teater Vestland med rette kan seiest å vere ein pådrivar i arbeidet med å utvikle nynorsk dramatik. I tillegg har vi i 2021 jobba i ei form der dramatikken blir til i prøverommet og fire framsyningar har blitt til på denne måten. Dette meiner vi er noko av årsaka til det kritikkroste året teateret no kan sjå tilbake på.

Våren 2021 signerte Teater Vestland husleigeavtale i Nynorskhuset i Førde sentrum. Dei nye lokala vil profesjonalisere drifta vår og ruste oss til å utvikle eit sterkt turnéteater til beste for publikum. Nynorskhuset i Førde vert ein viktig identitetsmarkør, og ei viktig nasjonal satsing på nynorsk. Det blir eit nasjonalt kraftsenter for norsk språk og kultur - eit kombinert medie- og teaterhus, ein heimstad for bruk og utvikling av nynorsk som scenespråk og mediespråk. Arbeidet med Nynorskhuset og teateret sine nye lokale har vore særspanande, og vi gler oss til å kunne ønske publikum velkomne i 2023. (Les meir side 26-27.)

I tillegg til å produsere scenekunst, er teateret eit regionalt kompetansesenter for det frie scenekunstmiljøet i fylket. I 2021 hadde vi difor tre opne utlysingar for det profesjonelle frie scenekunstmiljøet: Open call for regissørar (les meir side 29), audition for skodespelarar (les meir side 28), Open call for Teater og ny

teknologi (les meir side 25) og kurs i dialekt og å spele på nynorsk saman med Norsk Skuespillersenter. 267 skodespelarar søkte på audition, og vi såg 152 i Bergen, Førde og Oslo.

I tillegg er teateret eit regionalt kompetansesenter for amatørar i fylket, m.a. med utlån av utstyr og teknisk hjelp. Pga. pandemien har vi i mindre grad enn vi har ønskt oss kunna tilby kurs og kompetanseheving til amatørteatergrupper og born og unge, men vi er glade for at noko av det vi hadde planlagt for desse målgruppene òg blei gjennomført.

Vi hadde trudd at 2021 skulle vere det året då vi opna opp att etter pandemien. Når vi no sit med fasiten, veit vi at det ikkje var tilfelle. Eg vil takke alle på Teater Vestland som har jobba ekstra hardt dette året for at vi skulle nå ut til publikum i heile fylket med gode opplevingar. Det er fort gjort å gløyme kor krevjande arbeidssituasjonen i 2021 var. Eg er stolt av å leie eit hus der alle dreg i same retning og heile tida jobbar for å finne gode løysingar når uventa hendingar oppstår. Tusen takk til alle på huset og alle samarbeidspartnarar som har bidrege til opplevingar på store og små spelestadar, i grender og i byar i heile fylket.

Og ikkje minst takk til alle dei (20.228) publikummarane som fann vegen til ei eller fleire av framsyningane våre i 2021, for tolmodet når vi måtte avlyse, for å halde ut med grenser på tal sitteplassar og avstandskrav til scena og til kvarandre.



Cecilie Grydeland Lundsholt
Teatersjef



DU OG EG OG DEI TO

Premiere: 12.02.2021 Naustdal, Fosshalla

Publikum: 549

Framsyningar: 20

Avlyste framsyningar pga COVID: 7

AV Marc Svahnström

ORIGINALTITTEL Veni Vidi Amavi

OMSETJING Tove Bakke

REGISSØR Philipp Stengele

VISUELL KONSULENT Synnøve Ringdal

LYSDESIGNAR Krystian Myska

MEDVERKANDE

Christine Hope, Idun Losnegård, Torgny Aanderaa og Tore Christian Sævold

FOTO Espen Nytingnes

PLAKATUTTRYKK Univerket

«Det er ingen daudpunkt, og det er imponerende korleis dei fire skodespelarane klarer å halde trykket oppe gjennom alle tre akter når det berre er ti tilskodarar på grunn av korona-tilhaka. Spinkel humring kan ikkje gje den same responsen som eit større publikum. Men vi ler høgare etter kvart. Kanskje er det ei slags forståing for at vi har eit større ansvar enn vanleg for samspelet mellom skodespelarane og oss. Vi kosar oss, vi set pris på dette, høyrer de?»

—scenekunst.no





«Kyrre Eikaas Ottesen si ulvetolking er verdt heile framsyninga aleine. Både karakteren og kostymet drar på ein miks av assosiasjonar; mafioso, gangster og gullgravar til dømes. Frydefullt fråtsande gnafsar han i seg heile bestemor. Brillen og perlekjede går ned – og opp att – så heile salen bryt ut i latter.»

– Norsk Shakespearetidsskrift

«Vi var tre generasjonar som gjekk saman på familie-teater, og det kan dei med rette kalle framsyninga, alle tre kosa seg like mykje. Ti-, tretti- og sekstiåringen lo på litt ulike stader, men alle lo av mimikken til Bård Watn, som slo seg laus med sprelske, musikalske ablegøyer innafør eit utal sjangrar.»

– Scenekunst

«Det er ein underfundig skog publikum får sleppe inn i. Bak ei gul campingvogn lurar ein einsam ulv som alltid er svolten og som hatar alle. Stemninga i rommet er magisk allereie før skodespelarane kjem til syne.»

– Firda



RAUDHETTE OG ULVEN

Urpremiere: 19.03.2021 Førdehuset, Teatersalen

Publikum: 1345

Framsyningar: 28

Avlyste framsyningar pga COVID: 12

Inspirert av brødrene Grimm

REGISSØR Alex Byrne

REGIASSISTENT Elisabet Topp

SCENOGRAF OG KOSTYMEDESIGNAR Mari Lotherington

LYSDESIGNAR Krystian Myska

KOMPONIST Gregory Hall

MUSIKALSK ANSVARLEG Bård Watn

DRAMATURG Elisabet Topp og Cecilie Grydeland Lundsholt

OMSETJING Terje Lyngstad

MEDVERKANDE

Kyrre Eikås Ottersen, Anne Wiig, Katrine Lunde Mackenzie og Bård Watn

FOTO Espen Nyttngnes

ILLUSTRASJON PLAKAT Gregory Idehen

FORMIDLINGSAKTIVITET

- Fagprat med teatersjefen og regissør Alex Byrne
- Musikkvideolepp 17. mai Sunnfjord kommune livesending.



KATTEBLUES

Premiere: 23.04.2021 Elvetun barnehage, Fjaler

Publikum: 314

Framsyningar: 12

Avlyste framsyningar pga COVID: 1

AV Cecilie Grydeland Lundsholt, Idun Losnegård og Jakob Wyrzt

REGISSØR Cecilie Grydeland Lundsholt

MUSIKALSK ANSVARLEG Jakob Wyrzt

VISUELT UTTRYKK Cecilie Grydeland Lundsholt,
Synnøve Ringdal og Reidun Støfring

MEDVERKANDE

Idun Losnegård og Jakob Wyrzt

FOTO Espen Nytingnes

ILLUSTRASJON Gregory Idehen

GRAFISK UTTRYKK Univerket



– Kattblues var veldig bra.
Ho katten er rå på å synge.
Og så var det kjekt at vi fekk vere
med som kor, slår dei fast.

– ung publikummar i Lunden barnehage.

– Borna får eit kulturelt tilbod
på sin eigen arena, under gode og
trygge forhold, det synest eg er bra,
og det er endå viktigare
no i koronabobla.

Vi tørstar etter kultur.
Skodespelarane på teateret har god
formidlingsevne, og eg har lagt
merke til at framsyningane blir med
borna vidare i prat og leik, seier
konstituert einingsleiar i Lunden
barnehage, Lena Kristin Slettemark.





KVA VIL EIN SOMMAR ANNA ENN KJÆRLEIK

Middagscruise til Bekkjjarvik
Premiere: 20.05.2021 MS Rygetroll, Bergen
Publikum: 774
Framsyingar: 21
Avlyste framsyingar pga COVID: 24

TEKSTAR av Odd Børretzen
OMSETJING Terje Lyngstad
DRAMATISERING Kristina Kjeldsberg
REGISSØR Kristina Kjeldsberg
DRAMATURG Cecilie Grydeland Lundsholt

MEDVERKANDE
Vibeke Flesland Havre 20.05–01.10 og Oda Alisøy (vikar 3.–25. juni, 5. oktober)

SAMARBEIDSPARTAR
Maritime Tours AS, Rødne Fjordcruise, Bekkjjarvik Gjestgiveri hotel og suites,
Innovasjon Norge, De historiske hotel og spisesteder

FOTO Øystein Klakegg



BONDETINGET

Urpremiere: 27. august Førde, Viking

Publikum: 1037

Framsyningar: 25

AV Torkil Sandsund

REGISSØR Torkil Sandsund

DRAMATURG Aslak Moe

LYSDESIGNAR Krystian Myska

VISUELT UTTRYKK Torkil Sandsund

MEDVERKANDE Kyrre Eikås Ottersen

FOTO Espen Nytingnes



«Bondetinget» maktar å gjere landbrukshistorie til engasjerande dokumentarteater»... «Eikås Ottersen klarer å levendegjøre både fagbegrep og personer der han stadig bytter holdning, dialekt og fremtoning for å markere de ulike karakterene. Det er en kraftprestasjon.»

– Norsk Shakespearetidsskrift

«... eit dokuteater verdt å sjå, ikkje berre for dei som kan stammespråket, men for alle som ynskjer svar på kvifor gardane vert ståande tomme, ein etter ein.»

– scenekunst.no

«... «alt i alt var det ein imponerende framvisning, slik at Kyrre Eikås fekk bruke talentet sitt. All ære til ensemblet, som har laga eit høgaktuelt politisk teater!»

– Fjordingen



ARE KALVØ

TOPPAR VG-LISTA

ARE KALVØ TOPPAR VG-LISTA

Urpremiere: 19. august Oslo, Det Norske Teateret
Turnépremiere: 30. september Sandane, Trivselshagen
Publikum Vestland: 2043
Framsyingar Vestland: 8
Publikum heile turneen: 13.226
Framsyingar heile turneen: 61

AV Are Kalvø
REGISSØR Erik Ulfsby
SCENOGRAF OG KOSTYMEDESIGNAR Unni Walstad
LYSDESIGNAR Per Willy Horn
DRAMATURG Ingrid Weme Nilsen

MEDVERKANDE
Skodespelar Are Kalvø og Julie Størp Husby
Musikar Ståle Sletner

Ein samproduksjon mellom Det Norske Teatret
og Teater Vestland, i samarbeid med Are Kalvø.
På turné med Riksteatret og Teater Vestland.



**DET
NORSKE
TEATRET**



JENTA MED FYRSTIKKENE

Publikum: 1515
Framsyningar: 34
Avlyste framsyningar pga COVID: 3

AV H.C. Andersen
REGISSØR Miriam Prestøy Lie
DRAMATURG Cecilie Grydeland Lundsholt
VISUELT UTTRYKK Synnøve Ringdal
KOMPONIST, MUSIKKPRODUKSJON OG LYDDESIGN Thea Hjelmeland
LYSDESIGNAR Krystian Myska
OMSETJAR Terje Lyngstad

MEDVERKANDE

Carina Furseth, Idun Losnegård og Kyrre Eikås Ottersen

Jenta med fyrstikkene vart kåra til «årets juleforestilling» når scenekunståret vart oppsummert i NRK Studio 2.

Norsk Shakespearetidsskrift sine teatermeldarar omtalte «Jenta med fyrstikkene» som ei av sine favorittframsyningar frå 2021: «Med smarte grep med spill i spillet, gode skuespillerprestasjoner og åpenbare intensjoner om å ta barn og unge på alvor ble «Jenta med fyrstikkene» en liten perle av en forestilling.»



INTIM TEATERMAGI «Det er jo ikkje slik me vil biletet av jula skal vere. Så når Teater Vestland og regissør Miriam Prestøy Lie lar dette vera deira juleframsyning i år, så er det òg politisk.»

– NRK

«JULESTEMNING PÅ 45 MINUTT.»

– Firda

«Jenta med fyrstikkene vart ei fin oppleving på ein liten time for alle generasjonar, og ein ettertanke hos dei vaksne vart nok med heim saman med litt kunstsno på sokkane.»

– Scenekunst.no

SÅ ENKELT – SÅ SMART «Jenta med fyrstikkene» forsøker å mane frem håpet i en håpløs fortelling. Og lykkes.»

– Periskop.no



Foto: David Zelig

LENGT

Besøkstal: 110 | Tal framsyningar: 2

Det ligg mykje lengt i dikta til Jakob Sande: Heimlengt, lengt etter endring, lengt etter det som var, lengt etter eit nytt liv. Sande fortel om sagn og gjev stemme til dei som lengtar.

Saman med lyd-designar Viljar Losnegård vil skodespelar Idun Losnegård utforske dei sårare tonane i Sande si dikting. I utviklinga av denne heilt nye Sande-framsyninga har dei vore opptekne av å opne nye rom i diktinga, både ved å bruke mindre kjende dikt men også ved å leite etter nye tonar i dei dikta vi kjenner aller best.

Framsyninga vart produsert i samarbeid med Jakob Sande-senter for forteljekunst.



EIT HJARTE TIL JUL

Publikum: 912 | Tal framsyningar: 25
Avlyste framsyningar pga COVID: 2

Ei musikalsk juleforteljing for heile familien. Nora er ni år. Ho gler seg til jul, men ho gruar seg òg. Mamma ligg på sjukehus. Ho treng eit nytt hjarte for å bli frisk. Nora er redd for at mamma ikkje vil kjenne henne att med eit anna hjarte enn sitt eige. Line Dybedal les frå biletboka med same namn.

Ho syng og akkompagnerer seg sølv på piano. Mathias Marstrander spelar gitar. Publikum får fylgje historia om Nora på store illustrasjonar som blir vist i stort format som ein del av scenografien.

Samarbeidsprosjekt med Rom for ord.



MARIA, JESU MOR TEATERFESTIVALEN I FJALER

Lesning av siste del av Messias-trilogien

Besøkstal: 26 | Tal framsyningar: 1

"Eg har sett son min døy. Eg sto der - på lang avstand - til dei kom og tok han ned. Eg trur det var han. I går. Vi vart fortalde at ein av dei mest mektige mennene i landet kom med tenarane sine og tok han ned. Frå korset. Josef frå Arimatea. Minister. Eg har aldri sett ein minister. Han sveipte han i eit linklede, vart det sagt, og la han i ei grav han hadde kjøpt til seg sjølv. Her i Jerusalem."

13. mars 2020 var det klart for premiere på Teater Vestland - på den tredje og siste monologen i trilogien om Messias, skriven av Håvard Rem. Slik vart det ikkje. Skodespelar Marit Østby og regissør Bodil Kvamme måtte pent legge ned arbeidet, og framsyninga vart aldri spelt. Teaterfestivalen i Fjaler inviterte Marit Østby til festivalen, slik at ho kunne dele ein intim leseversjon av monologen.



DESIBEL/RØYST FESTSPILLENE I BERGEN

Verdas største mobile hornhøgtalar, var ein del av byrommet under Festspele i Bergen i 2021. Det ti meter lange hornet veg to tonn, og vart i utgangspunktet laga til Vevringutstillinga sitt 30-års jubileum i 2009, som eit protesthorn mot gruveprosjektet i Førdefjorden.

Verket kan opplevast frå ein benk, ein uteserveringsstad eller på eit piknikpledd i parken der publikum kan nyte vårsola og høyre på Røyst - eit høysespele frå fjorden som vert spelt frå kjempehornet. Det var Teaterfestivalen i Fjaler som bestilte stykket, som ei koronavenleg framsyning til utandørs bruk. E.V. Crowe, Camara Lundestad Joof og Mari Hesjedal skreiv kvar sin del av høysespelet. Skodespelarar ved Teater Vestland medverka i framsyninga.

Framsyninga var eit samarbeidsprosjekt med Teater Vestland.

NY TURNÉRUTE: «HUS VI ER GLADE I»

I 2020 vart Sogn og Fjordane og Hordaland slått saman til eitt fylke, og Teater Vestland fekk større turnéområde. Målet vårt er å utvide turnedrifta til heile fylket og sikre innbyggjarane på små og store stader eit likeverdig tilbod med scenekunst på eige målføre, uavhengig av kor dei har valt å busette seg. Vi vil følgje opp regjeringa si kultur- og språkmelding ved å medverke til at så mange som råd får ta del i gode kunst- og kulturopplevingar.

Før fylkessamanslåinga i 2020 turnerte Teater Vestland (TVL) i ein region med cirka 109 000 innbyggjarar og eit areal på 17 661 km². Vestland fylke er 34 055 km² stort og har 634 269 innbyggjarar. Utvida turnéområde har stort publikumspotensial, og TVL er det regionteatret som turnerer fast med større produksjonar i det nye fylket.

I 2021 oppretta TVL turneruta "Hus vi er glade i". Turneruta vitjar grendehus med to produksjonar i året og gjer det mogleg for publikum å oppleve teater nær der dei bur. Målet er å nå ut til nye publikumsgrupper og gi eit fast profesjonelt teatertilbod til bygder som ikkje har hatt det tidlegare. Grendehusa blir drivne av foreningar og lag som vi har gjort arrangøravtalar med, og dette er gjerne frivillige lag og organisasjonar utan tilsette. På denne måten får dei frivillige laga og organisasjonane auka kompetanse på arrangement og marknadsføring, noko som kjem bygdene til gode når dei arrangerer sjølve. Laga får også betalt for jobben, noko som kjem laga til gode.

Teater Vestland har 44 år med kompetanse og erfaring som turneteater. Vår omfattande turneaktivitet i nynorsk språkdrakt og på vestnorske dialekter er unik i nasjonal samanheng. I det nye storfylket skal vi gjennom utvida turneverksemd arbeide målretta for å styrkje samhald, identitet og fellesskap. Vi trur at eit breitt og godt teater-tilbod, der folk bur, bidreg til gode lokalsamfunn og ein framtidretta kultur- og folkehelsepolitikk. Ifølgje SSB

Turnéruta vitjar grendehus med to produksjonar i året og gjer det mogleg for publikum å oppleve teater nær der dei bur.

har besøkstala for teater og opera auka jamt dei siste 20 åra, og ifølgje publikasjonen "Kulturvaner 1991 – 2016" er teater det kulturtilbodet flest ville ha besøkt meir etter kino, dersom dei hadde eit slikt tilbod nærare heimen sin. Turneruta «Hus vi er glad i» vil gjere at fleire i Vestland kan vitje teater nær der dei bur.



Grasdal, Holsnøy



Viksdalen skule



Heimlund, Innvik



Allhuset i Eikefjord



Trudvang, Dale



Stadlandet grendehus



Ljosheim, Eksingedalen



Skogly, Kaupanger

Kjært hus har mange namn: bygdehus, grendehus, ungdomshus, lokalet. – Folk er glade i husa sine. Dei tar vare på dei gjennom mange og lange dugnadstimar, og dei stiller opp på arrangement i lag med sambygdingane sine. Her høyrer teateret naturleg heime, seier teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt.



SCENEKUNST FOR BARN

Fireårig satsing på scenekunst for og med barn og unge

I 2021 gjekk startskotet for Teater Vestland si satsing på barn og unge, og denne satsinga vil følgje teateret i teatersjefen sin åremålsperiode.

Teater Vestland skal vere regionteateret for barn og unge i heile Vestland. Det er ikkje uvanleg å snakke om barn som «publikummet i framtida». I det ligg ein tanke om at barn, viss dei får eit forhold til teater som unge, blir framtidige, vaksne billett kjøparar. Det er kanskje ein konsekvens, men for Teater Vestland er ikkje det målet i seg sjølv. Til grunn for satsinga ligg ein premiss om at barn og unge er publikum her og no, og teateropplevingar for barn og unge skal vere likestilt tilbodet for vaksne. Alle som bur i Vestland fylke skal, uavhengig av alder, ha tilgang til scenekunst som underhald, overraskar, sjokkerer, rører og set verda i perspektiv.

Ei av Teater Vestland sine målsetjingar er å legge til rette for at minimum 30 % av framsyningane i repertoaret er tileigna barn og unge, og teateret skal jobbe aktivt med barneperspektiv og vidareutvikle metodar for dette. Teater Vestland ønskjer å spreie kunnskap om produksjon av scenekunst og teater som kunstform til barn og unge, skape eit teatertilbod der barn og unge er medverkande, og jobbe med talentutvikling. Det kan vere i eit verk som interaktivt teater og/eller som medskapande i ein prosess, eller som deltakarar i eit kurstillbod.

I 2021 HAR TEATER VESTLAND:

- produsert fire framsyningar for barn og unge.
- jobba aktivt med barneperspektiv. I prøvetida jobba teateret med referansegrupper frå barnehagar og skular. Barna blei inviterte som ekspertar og kom med tilbagemeldingar, og dei fekk sjå den ferdige framsyninga.
- skapt eit teatertilbod der barn og unge er medverkande. Vedtektene til TVL seier at teateret skal «søkje å fremje amatørteatararbeidet i fylket.» Vi har saman med Vestlandske Teatersenter starta arbeidet med eit teatertilbod éin gong i veka i Førde, og vi har tilsett ein instruktør. Påmeldinga kom i gang, men oppstarten blei flytta til januar 2022 pga. sjukdom.
- gjennomført sommarskule saman med Sunnfjord Kommune. To gratistilbod til born og unge i 5.-10. klasse: musikalskule og kurs i å skape ei framsyning.
- halde fram med utleige og utlån av utstyr og samarbeid med andre aktørar som arbeider for barn og unge i regionen. I 2021 har vi t.d. støtta Dale ungdomslag, Stongfjorden teater og Sunnfjord folkehøgskule.
- jobba for å få til eit godt og føreseieleg samarbeid med Den Kulturelle Skulesekken (DKS). DKS er den største leverandøren av profesjonell scenekunst til barn og unge i Norge i dag. Difor ønskjer Teater Vestland at barn og unge i heile fylket skal få moglegheit til å bli kjende med regionteateret sitt på turné.

SOMMARSKULE

Saman med Sunnfjord kommune og Sunnfjord kulturskule gjennomførte Teater Vestland gratis sommar-skule for barn i 5.-10. klasse.

«KRASJKURS I MUSIKAL»

To veker med intensivt «Krasjkurs i musikal» enda opp i ei nydeleg framсыning av Jungelbokal Dei færreste av deltakarane kjende kvarandre frå før av og for mange var det første møte med musikalsjangeren. Etter to veker var de ein samansveisa vennegjeng som strålte på scena i både spel, sang og dans. Instruktørane storkosa seg og var imponerte over kva dei saman klarte å lage! Instruktørar Anethe Alfsvåg, Espen og Anna.

FYSISKE TEATERKURS

I grupper på 10 og 20 deltakarar, arbeidde dei med fysisk teater i form av duettar og i større grupper. I duo-arbeidet laga deltakarane sekvensar satt saman av kroppslege kvardagsrørsler som dei sette kjensler og musikk til etterpå.

I gruppearbeidet fekk deltakarane i oppgåve å danne 3-6 isolerte frysbilete der dei skulle vise essensen av eit kjent folkeeventyr. Her fekk vi sjå utdrag frå «Raudhette og ulven», «Gullhår» og «Dei tre bukkane bruse». Det var god stemning under teaterarbeidet og kanskje særleg under framсыninga, då den eine bukken ramla ned frå «brua» og ned på trollet som vart sær s overraska over dette. Under det fysiske teaterkurset lærte deltakarar at kroppen kan fortelje mykje utan lyd, og at alle klarar å finne på noko som kan brukast som eit potensielt teateruttrykk. Instruktør på fysisk teaterkurs: Beth Ramfjord.



TEATERSKULE

Saman med Vestlandske Teatersenter skulle vi starte teaterskule i Førde i hausten 2021. Vi fekk overraskande mange søknader frå barn og unge som ønsker å drive med teater på fritida - mange fleire enn vi hadde rekna med - og vi veit at nedturen var stor då vi først ikkje hadde plass til alle og seinare måtte utsette grunna sjukdom.

Tilbodet er for barn og unge i alderen seks til tjuе år. Undervisinga skal skje på Førdehuset éin gong i veka og omfattar ulike teaterformer, teknikkar og improvisasjon.

Arbeidet med teaterskulen held fram i 2022.

Vestlandske Teatersenter
Sunnfjord kulturskule
Beth Ramfjord



TEATER OG DIGITALISERING

Eksperimentering med teater og ny teknologi er ikkje nytt. Med telefonen kom òg live-sendingar frå teater og operascener - eller livestream som vi ville ha kalla det i dag. Tilbodet blei starta opp i 1880 - åra og blei konkurrert ut av radioen, som tilbød betre lyttaropplevingar, og det blei lagt ned i 1930 - åra. I dag møter teateret forventningar om at framsyningane til dømes skal bli strøymde. Det er utfordrande når vi veit at det kan koste meir å produsere ein norsk spelefilm enn eit regionteater har i årsbudsjett. Men ny teknologi har alltid ført teateret i nye retningar. Det blir påstått av Shakespeares akter er så lange som dei er, fordi det var så lenge eit stearinlys varte på 1600-talet. Då lyskastarane blei funne opp, revolusjonerte dei teater som kunstform, og teateret fekk eit nytt handlingsrom.

Hausten 2021 starta Teater Vestland for alvor utforskning av teater og ny teknologi og inviterte Nordland Teater med i prosjektet. Målet er å sjå på moglegheiter, både i dagleg drift og som verktøy i ei framsyning, og i arbeidet med å nå nye publikummarar.

Vi ønskjer ny kunnskap og å utforske nye måtar å jobbe på. Premissen er at teater er møte med publikum og ei historie. Kunstforma skjer i eit aktivt samspel med publikum. Publikum påverkar dei som formidlar historia - og motsett.

Utviklinga skjer no i raskt tempo. Er vi nysgjerrige på nye medium og verktøya teknologien gir oss? I prosjektet Teater og ny teknologi ønskjer vi å finne fram til nye former for scenekunst i vår digitale tidsalder. Kva moglegheiter kan ny teknologi gi teater som kunstform? Vi ønskjer å kartlegge digitale moglegheiter i dagleg drift, planlegging, marknadsføring, produksjon av scenografi, arbeid med lys og lyd, dokumentasjon av framsyningar til arkiv m.m. I prosjektet vert det utforska og idemyldra rundt nye format og sjangrar. Er digitalt teater ein ny sjanger? Kva for nye former og scenekunstprodukt kan vi sjå for oss?


I 2021 har vi m.a. utforska teknologiar som VR (virtuell røyndom), AR (utvida røyndom) og HoloLens som verkemiddel i ei framsyning og som arbeidsverktøy i ordinær drift.

Vi har hatt føredrag med m.a. Applaus scene, animatørar frå filmbransjen og kunstnarar og forskarar frå heile verda. Vi har fått innsikt i korleis forskarar ser føre seg at ny teknologi vil utvikle seg i åra som kjem, m.a. kva moglegheiter 5G, 6G og 7G vil gje. Prosjektet held fram i 2022 og vil ende opp i ei fagsamling for bransjen. I løpet av prosjektet vil Teater Vestland og Nordland Teater finne ein teknologi som teatera vil ta utgangspunkt i, når vi saman skal produsere ei framsyning for barn i 2023.

Gjennom ein Open Call inviterte teatera fem kunstnarar frå det frie feltet til å utforske dette saman med oss. Teater Vestland har gjennomført eit seminar over fem dagar og ei digital samling. I tillegg til frilansarane har tilsette frå dei to teatera, føredrags- og workshophaldarar, forskarar m.fl. delteke.

DELTAKARAR: Mari Hesjedal, Frode Gjerløw, Raymond Corrado Knutsen, Viola Othilie Tømte og Nini Kjeldner.

Prosjektet blir gjennomført med støtte frå Norsk kulturråd.



PODKAST

I 2021 starta Teater Vestland podkasten **Bak maska**, og det er nett det vi vil; komme bak det du ser ved første augekast og snakke oss varme om teateret vi elsker. Med i studio inviterer vi regissørar, skodespelarar med fleire.

Podkasten er produsert av Rakkar og blir distribuert via Sprei, den lokale innhalds-plattformen i Vestland. Den er tilgjengeleg på Spotify, Apple Podcast og Sprei.no.

Den er og tilgjengeleg som filma podcast i Teater Vestland sine kanalar på YouTube, Facebook og nettsida teatervestland.no.

EPISODAR

- EPISODE 1:** Bondetinget, dokumentarteater som angår deg
- EPISODE 2:** Are Kalvø om meininga med livet
- EPISODE 3:** Miriam Prestøy Li om «Jenta med fyrstikkene»
- EPISODE 4:** Våren 2022 På Teater Vestland
- EPISODE 5:** Medarbeidarsamtale i full offentlegheit



NYNORSKHUSET

2017

2018

2019

2020

2021



05.09.2017

Arve Sandal og Terje Gilleshammer stiller på møte med SoFt ved Bodil Kvamme, Rasmus Mo og Margunn G Selvik. Ideen om Nynorskhuset var presentert for teateret



06.12.2017

Møte med fylkeskommunen ved Tore Eriksen og Jenny Følling. Rasmus Mo og Arve Sandal presenterte ideen



03.07.2018

Presentasjon av innkomne skisser av Nynorskhuset frå interesserte utbyggjarar til Førde Formannskap



06.07.2018

Arve Sandal presenterer planane om eit Nynorskhuset i Førde for kulturminister Trine Skei Grande når ho var i Førde



10.08.2018

Første møte i styringsgruppa



11.08.2018

Avtale om prosjektleiing med Helgaro as – Oddvar Flæte



25.09.2018

SoFt søker fylkeskommunen og kommunen om auka driftsstøtte



02.11.2018

Vedtak i bystyret i Førde kommune



14.11.2018

Vedtak i fellesnemnda for nye Sunnfjord kommune



04.12.2018

Vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane



21.12.2018

Arkitektfirma 4b engasjert



01.01.2019

Avtale om prosjektleiing med Vidsyn rådgiving as ved Jan Øhlckers



28.01.2019

Vedtak S&Fj Fylkeskommune løyve prosjektmidlar forprosjekt



05.02.2019

Vedtak Førde bystyre løyve prosjektmidlar forprosjekt



01.03.2019

Søknad til Kulturdepartementet om løyving til Nynorskhuset



01.03.2019

Vedtak Førde bystyre



07.05.2019

Styret i Sogn og Fjordane Teater hand-samar forstudie om Nynorskhuset



19.09.2019

Styret i Sogn og Fjordane Teater vedtek og sender søknad til eigarane om deltaking i Nynorskhuset



26.09.2019

Vedtak Førde bystyre



05.10.2019

Statsbudsjettet 2020. Framlegg om 1 MNOK til teateret og Nynorskhuset



08.10.2019

Vedtak Sogn og Fjordane fylkeskommune



21.02.2020

Samarbeidsavtalen signert. Avtalen gjeld førbuing, konkurranse og gjennomføring



31.03.2020

Handelshuset leverer prekvalifiseringsdokumentasjon



10.09.2020

Start tingingar med Handelshuset AS



15.02.2021

Endeleg tilbod om leige i Nynorskhuset vedteke i TVL sitt styre



20.04.2021

Leigeavtale godkjent og signert



10.12.2021

Samarbeidsavtale om drift og innhald i Nynorskhuset godkjent og signert

NASJONALT KRAFTSENTRUM FOR NYNORSK SCENEKUNST

NYNORSKHUSET

I juni 2023 flyttar Teater Vestland inn i nye lokale i Førde sentrum. Saman med NRK Sogn og Fjordane og nynorsk-avisa Firda har vi forplikta oss til eit samarbeid i det som har fått namnet Nynorskhuset i Førde - den største nynorsk-klynga i landet.

Det er ingen tvil om at nye lokale, scener og verkstader betyr mykje for Teater Vestland. Teateret får optimaliserte lokale for moderne teaterdrift, noko som vil styrkje oss som turneteater. Saman med dei to mediebedriftene skal vi også skape synergiar på tvers for å styrkje nynorsken, og gjennom samarbeid skal vi utvikle prosjekt og dele kunnskap på tvers av teater, radio, TV og avis. Eit viktig fellespunkt for alle institusjonane er å skape eit godt arbeidsmiljø i huset som heilskap, både for publikum og for dei tilsette. Vi trur at eit godt og levande arbeidsmiljø vil gjere oss meir attraktive som arbeidsgjevarar. Vi ser føre oss moglegheiter for til dømes fagfrukostar, nynorske fagdagar, foredrag og felles kurs om språk og formidling.

Vi ønskjer å etablere nye tradisjonar og formidlingstilbod i dei nye lokala og å jobbe aktivt med publikumsbygging frå vår nye base i Førde sentrum. I tillegg til Teater Vestland, NRK og Firda flyttar også Nynorsk Mediesenter og Nynorsk avissenter inn. Saman og kvar for oss planlegg vi nye, innovative satsingar som vil gjere Nynorskhuset til eit nasjonalt tyngdepunkt innan nynorsk formidling. Klyngemiljøet, som vert det største i landet, vil styrkje viktige nynorskmiljø og skape grobotn for nye, nynorske stemmer. Vi vil utvikle eit sterkt turneteater til beste for publikum, og Nynorskhuset er ein viktig føresetnad for dette.

Teater Vestland har vore avgjerande for å realisere Nynorskhuset, og vi gler oss til å ta fatt på arbeidet med å skape ei klynge som kastar av seg med nye, nynorske prosjekt og stemmer.

NYNORSK SCENESPRÅKSENTER

Det er av nasjonal verdi og relevans at innbyggjarane i Noreg får tilbod om teateropplevingar av høg kunstnarleg kvalitet på nynorsk og vestnorske dialektar. Då treng vi skodespelarar og dramatikarar som kan jobbe på nynorsk og dialekt, og difor skipar Teater Vestland Nynorsk scenespråksenter (NSS).

I arbeidet med den nye språkmeldinga er eit av dei sentrale punkta «korleis vi sikrar norsk som eit godt og velfungerande kultur- og bruksspråk». Språk er det viktigaste kulturuttrykket vi har. Vestlandet er det nynorske grunnfjellet, og dei fleste snakkar eit vestnorsk målføre. Å spele framsyningane våre på vestnorsk målføre er med på å bygge opp under og stadfeste identiteten til innbyggjarane i fylket. Det skaper sjølvkjensle å vere heime i sitt eige språk, og 85% av norske dialektar ligg nærare nynorsk enn bokmål. Difor er det viktig å gjere eit systematisk arbeid for å styrkje og fremje det nynorske scenespråket.

Hausten 2021 fekk Teater Vestland 1 million kroner frå Kulturdepartementet til å etablere Nynorsk scenespråksenter, og i 2022 startar arbeidet med å utgreie eit senter tilsvarande Nynorsk Mediesenter: Nynorsk Scenespråksenter, der skodespelarar og dramatikarar som ikkje har verktøy til å utføre dialektovergang og å jobbe på nynorsk, kan tileigne seg denne kompetansen. NSS vil samarbeide med Nynorsk Mediesenter og Nynorsk Avissenter i Nynorskhuset. Målet er å opne dørene hausten 2023. Senteret vil ha ei eiga linje for dramatikarar og skal vere ein pådrivar for utvikling av nynorsk dramatik, nynorske stemmer, kunstnarleg utvikling og fornying av scenekunst på nynorsk og på dialekt.

KURS I DIALEKTOVERGANG

Digitalt kurs 27.-29.04.2021
37 søkarar, 12 plassar, 11 stk gjennomførte
SAMARBEIDSPART Norsk Skuespillersenter

Våren 2021 arrangerte vi kurs i dialektovergang saman med Norsk Skuespillersenter. Eldbjørg Lognvik var kurshaldar. Kurset, som gjekk over tre dagar, skulle egentleg ha funne stad i Førde, men måtte flyttast over på digital plattform grunna nasjonale smittevernsreglar.

Emilie Hovland var éin av ti deltakarar, og dette seier ho:

– Eldbjørg er ein framifrå og raus pedagog, og kurset var svært lærerikt. Eg har nytta språkovertgang på engelsk fleire gonger i jobbsamanheng, og det var herleg å lære den norske modellen, seier Emilie Hetland.



AUDITION

Kartleggingsaudition i Førde, Oslo og Bergen

263 søkarar kom inn



I tillegg til å produsere scenekunst er teateret eit regionalt kompetansesenter for det frie scenekunst- miljøet i fylket. Det er eit ansvar som vi tar på alvor.

I 2021 arrangerte vi kartleggingsaudition for skodespelarar i tre norske byar: Førde, Bergen og Oslo. Heile 267 søknader kom inn. Vi utvida med fleire dagar og la opp til eit stramt løp, og vi klarte til slutt å sjå 152 av dei. For ei nerve det vart!

I Bergen fann vi Carina Furseth som vi henta til teateret for å spele Jenta i Jenta med fyrstikkene. Det var den første hovudrolla hennar etter enda skodespelarutdanning ved Teaterhøgskolen KHIO i Oslo. I Bergen fann vi også Peder Lauvås som vi henta til dramatiseringa av Marit Eikemo si bok Gratis og uforpliktande verdivurdering. (Stykket hadde premiere i januar 2022, men prøvene tok til på tampen av 2021.) Peder Lauvås er utdanna skodespelar ved Bårdar og Westerdals, og han kom direkte til Teater Vestland frå Teater Ibsen og turné med stykket «Kunst». Det breie publikum har også sett han i dokumentarserien «Frontkjempere» på NRK. Både han og Carina Furseth skal fylle fleire rolle i 2022.

Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt leia kartelegginga og møtte alle skodespelarane. Med seg på totalt sju smekk fulle audition-dagar hadde ho vekselvis Idun Losnegård (fast skodespelar), Miriam Prestøy Lie (fast dramaturg).

REGISSØRUTLYSNING

I løpet av året inviterte Teater Vestland regissører til å søke med eit unikt konsept for intimsцена vår – blackboxen – med premiere hausten 2022.

Bakgrunnen for å opne opp repertoarprosessen og invitere inn regissører til å komme med forslag er for å bli kjent med endå fleire regissører, og det er ein del av arbeidet vårt å jobbe målretta med nynorsk scenespråk på mange felt.

Meir enn 50 forslag kom inn på regissørutlysninga, og valet fall ned på Lilla av Jon Fosse i regi av Martin Lotherington.

Bak avgjersla står eit kunstnarleg råd bestående av seks personar: Kyrre Eikås Ottersen (fast skodespelar, Teater Vestland), Idun Losnegård (fast skodespelar, Teater Vestland), Krystian Myska (lysdesignar, Teater Vestland), Miriam Prestøy Lie (dramaturg, Teater Vestland), Njål Mjøs (dramaturg, Nationaltheatret) og Cecilie Grydeland Lundsholt (teatersjef, Teater Vestland).

I Blackboxen jobbar regissøren saman med skodespelarane i eit nedstrippa format, og dei tar i bruk det som allereie finst på teaterhuset for å skape eit visuelt uttrykk. Eit av dogma vi allereie har prøvd ut med hell på denne scena, er at regissøren jobbar utan scenograf med fokus på tekst og skodespelarar. No tar vi dogmeteateret endå eit hakk vidare. Kunstnarleg råd har bestemt fem dogmereglar, og dei vil danne utgangspunkt for repertoaret i blackboxen.

DOGMEREGLANE:

- 1: Maks lengde på framsyninga er 1 time og 45 minutt.
- 2: Maks 5 skodespelarar.
- 3: Ver kreativ og ta i bruk kostyme og rekvisittar frå scenografilageret.
- 4: Velg éin som blir med deg i kunstnarleg lag. Regissøren er ansvarleg for heilskapleg visuelt konsept.
- 5: Nynorsk scenespråk skal nyttast. Teater Vestland spelar på nynorsk og vestnorske dialekter.



Martin Lotherington skal sette opp Lilla av Jon Fosse hausten 2022.

STATISTIKK

Framsyingar og publikumstal	Besøkstal	Framsyingar	Avlysningar	Formidlings- arrangement
Eigenproduksjonar				
Du og eg og dei to	549	20	7	
Raudhette og ulven	1345	28	12	
Bondetinget	1037	25		
Jenta med fyrstikkene	1515	34	3	
Katteblues	314	12	1	
Kva er ein sommar anna enn kjærleik	774	21	24	
Samproduksjonar				
Are Kalvø toppar VG-lista (Vestland)	2043	8		
Are Kalvø toppar VG-lista (Riksteateret)	8368	29		
Are Kalvø toppar VG-lista (Det norske teatret)	2815	24	18	
Samarbeidsprosjekt				1
Maria, Jesu mor	26			
Eit hjarte til jul	912	25	2	
Jul i Førdehuset	39	4		
Lengt	110	2		
Anna aktivitet/digitale tal				
Desibel/Røyst på Festspillene i Bergen				
Sommarskule - Fysisk Teater	48			3
Sommarskule - Krasjkurs i musikal	322	2		10
Kurs i dialektovergang	11			1

Nøkkeltal 2021

Tal framsyingar	234
Totalt publikum	20 228
Tal publikum på eiga scene	2 196
Tal publikum på turne	6 764
Tal publikum på kunstnarlege arrangement	19 883
Tal formidlingsarrangement	15
Tal publikum på formidlingsarrangement	345
Tal framsyingar på eiga scene	50
Tal framsyingar på turne	129
Tal kommunar besøkt i Vestland	28
Tal ulike spelelokaler totalt	66

BEFOLKNINGSUNDERSØKING I VESTLAND FYLKE


I mars 2021 gjennomførte Norsk Publikumsutvikling ei befolkningsundersøking på oppdrag av Teater Vestland. Dette var ei webundersøking med totalt 803 respondentar f.o.m 15 år. Det vart eit tilfeldig representativt utval, med unntak av Bergen kommune.

Undersøkinga er ein del av kunnskapsgrunnlaget i Teater Vestland sitt strategiske arbeid med publikumsutvikling. I denne undersøkinga vart det nytta ein segmenteringsmodell som heiter «Culture Segments» som er utvikla av Morris Hargreaves McIntyre (MHM). Dette er ein verdibasert segmenteringsmodell med vekt på personlege haldningar. Modellen deler kulturbrukarane inn i åtte ulike segment eller typar, avhengig av forventningar og behov knytt til kultur. Modellen er skreddarsydd for kunst- og kulturinstitusjonar, og er godt eigna til å utvikle programprofil, kommunikasjonsstrategi, publikumstilbod og produktutvikling skreddarsydd for ulike målgrupper.

Figuren viser korleis heile befolkninga i Vestland fylke fordeler seg på dei åtte kultursegmenta:

- 39 prosent av befolkninga er lokalisert i veldig kulturinteresserte segment (Essens, Stimulering, Fellesskap og Bekreftelse).
- 17 prosent er opne for kulturopplevingar, men må i større grad overbevisast om at det er verdt tida det tek og kostnadane som kjem med besøket (Avkobling og Berikelse).
- 44 % er lite interessert i kunst og kultur med mindre det treff deira særinteresser eller har høg underholdningsverdi, involverer populærmusikk og trekk mykje folk (Underholdning og Perspektiv).

Sjå <https://mhminsight.com/culture-segments> for meir informasjon om dei ulike segmenta, og for å finne ut kva segment du høyrer til.



STYRET SI ÅRSMELDING 2021

Teater Vestland (TVL) er eit solid regionteater med eit godt omdøme, langsiktige eigarar og med mål om å produsere og gjere tilgjengeleg scenekunst av høg kvalitet i nynorsk målform og på vestnorske målføre. Teater Vestland styrer etter kjerneverdiane «modig, engasjert og inkluderande» og arbeider ut frå visjonen om å «røre folk med opplevingar dei ikkje har hatt før».

Som regionteater driv TVL teaterverksemd i Vestland fylke. I 2021 nådde TVL ut til innbyggjarane i Vestland med nynorsk scenekunst. Med dette held teateret fram med den langsiktige satsinga som turneteater i heile Vestland fylke. Trass stadig endra smittevernrestriksjonar i 2021 har teateret løyst sitt nasjonale oppdrag ved å produsere og turnere framsyningar av høg kunstnarisk kvalitet.

I 2021 syntte TVL 234 framsyningar, vitja 66 ulike spelestadar og presenterte ti produksjonar. På Teater Vestland si heimescene i Førde vart det vist 50 framsyningar, resten vart vist på turné. Samla besøkstal i 2021 var 20 228. Dette er ei auke i høve tidlegare år, og det midt i ein pandemi med mange avlysingar. Høgare besøkstal i år skriv seg frå produksjonen vi gjorde i samarbeid med Det Norske Teatret og Riksteatret.

Pandemien har bydd på utfordringar både i produksjon og på turné. Erfaring frå 2020 har likevel gjort teateret betre rusta til å handtere uføreseielege tider og saman med gode offentlege støttespelarar har det vore mogleg å oppretthalde teaterverksemda. Ingen veit sikkert kor store endringar i publikum si åtferd koronapandemien vil føre til, men vi er overtydde om at TVL vil vere der og spele ei viktig rolle i samfunnet òg i framtida.

Å utvikle nye publikumsgrupper krev strategisk satsing over tid, og i tråd med overordna strategiplan har TVL i 2021 gjennomført ei befolkningsundersøking. Norsk Publikumsutvikling har på vår bestilling gjennomført ei grundig analyse som gjer oss i

stand til å arbeide målretta med å nå nye publikumsgrupper. Ei medviten satsing for å nå nye publikumsgrupper er å vitje nye spelestadar ved å produsere teater i variert format. I 2021 har TVL mellom anna spelt teater på båt mellom Bergen og Bekkjarvik, i grendehus som del av turnéruta «Hus vi er glade i» og i idrettshallar og kulturhus på små og store stadar. Å vitje ulike spelestadar og utfordre oss sjølve og publikum på format og tema, er eit av våre verkemiddel for å nå nye publikumsgrupper.

Samarbeidspartar som står TVL nær og som vi er stolte over å samprodusere med, eller på andre måtar samarbeide med, er Det Norske Teatret, Riksteatret, Nordland Teater, Teaterfestivalen i Fjaler, Rom for Ord, Norsk Skuespillersenter, Sunnfjord kulturskule, Førdehuset og Vestlandske Teatersenter.

2021 går inn i historia som det året då TVL tok første steget ut av Førdehuset og inn i Nynorskhuset. Dette året signerte styret avtale med Storehagen Eigedom om å leige teaterlokale i Nynorskhuset, som vert den største nynorsklynga i landet. Saman med NRK Vestland, avisa Firda, Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter skal Nynorskhuset verte eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur, eit klyngemiljø av kunst- og kulturorganisasjonar, og eit løft for det norske språket. Nynorskhuset gjer Sunnfjord til eit nasjonalt tyngdepunkt innan nynorsk kultur- og medieformidling. Nynorskhuset er sentralt for å sikre fornying og utvikling av TVL, og ei av hovudoppgåvene til styret i 2022 vert å arbeide for at Kulturdepartementet løyver siste del av tilskot til Nynorskhuset.

2021 var Cecilie Grydeland Lundsholt sitt første år som teatersjef og ho har, trass i at pandemien har lagt band på verksemda, levert svært gode resultat. To av framsyningane i hennar første år, "Jenta med fyrstikkene" og "Bondetinget", har hausta merksemd i fagtidsskrift og media som djerv og nyttenkjande scenekunst. Grydeland Lundsholt har òg arbeidd med organisasjonsutvikling for å fremje utvikling og fornying. Mellom anna har teatersjefen initiert arbeidet med å oppdatere organisasjonskartet og sett søkjelys på rolleforståing og interkommunikasjon.

Styret takkar teatersjefen og alle medarbeidarane for innsatsen i nok eit krevjande år med mange endringar og mykje uvisse. Vidare vil styret takke for godt samarbeid med tilskotspartane og eigarane.

ØKONOMI

Rekneskapan for 2021 syner eit overskot på kr 43 355, som er i samsvar med budsjettet. Billetinntektene var kr 751 145 og samla driftsinntekter var kr 32 533 273. Eigenkapitalen til teateret er per 31.12.2021 er i overkant av 5.2 millionar kroner.

Planlegging og gjennomføring av godt smittevern for både publikum og tilsette har vore tidkrevjande og utfordrande. Ekstra tilskot frå Kulturdepartementet på kr 470 000 og Vestland fylkeskommune på kr 250 000 har gjort at vi har klart å oppretthalde tilnærma normal drift.

Teateret har innskotsbasert pensjonsordning og ny AFP-ordning. Forplikingane i den lukka offentlege pensjonsordninga vart i 2021 flytta frå KLP til Storebrand, noko som gav tilbakeføringa av eigenkapitalinnskottet frå KLP. Dette har styrkt likviditeten til teateret. Pensjonskostnadene vert ført etter kontantprinsippet i tråd med rekneskapsstandarden for små bedrifter, og er omtalte i eigen note (nr. 5) i årsrekneskapan.

Teateret er i si ordinære verksemd utsett for låg rente-, kreditt- og valutarisiko og arbeider medvite med å ha ein akseptabel risiko innan desse områda.

Teatersjefen har gjort eit solid arbeid med å søkje tilskot til ulike satsingar, og har sikra ekstra løyvingar frå fleire hald. Kulturrådet løyvde kr 400 000 til «Teater og digitalisering», eit forskingsprosjekt i teater og ny teknologi som TVL gjer i samarbeid med Nordland Teater. Frå Kulturdepartementet vart det i siste kvartal løyvd kr 1 000 000 til arbeidet med å etablere «Nynorsk Scenespråksenter». Vidare har både Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest og Vestland Fylkeskommune bidrege med tilskot til prosjekt for

ungdom, arbeid med amatørar og til regional bransjeutvikling. Det er oppløftande å registrere vilje og evne til å prioritere teateret sine prosjekt med løyvingar. Ikkje alle prosjekta har vore råd å gjennomføre grunna pandemien, men alle partane har godkjent utsetjing, og løyvingane har enten fått utsett tildeling eller er periodisert til 2022. Alle prosjekta som har fått tildelt midlar vert gjennomførte i 2022 og 2023.

ORGANISASJON, LEIING, LIKESTILLING OG ARBEIDSMILJØ

Teateret hadde 21 fast tilsette og to personar på åremål i 2021. Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt fullførte sitt første år som teatersjef i åremålsperioden 2021-2024. Direktør er Margunn Grytten Selvik. Gjennom året var det engasjert vikarar og frilanspersonale som til saman utgjorde 8 årsverk. Samla årsverk ved teateret i 2021 var 31.

Året har bydd på utfordringar med sjukdom hos personalet i to sentrale stillingar, men det har lukkast teateret å skaffe kvalifiserte vikarar og året har føregått utan større driftsvanskar. Totalt sjukefråvær i 2021 var 645 dagar som svarar til 8 % av total arbeidstid. Styret registrerer at dette er høgare enn ynskjeleg. Når berekninga tek omsyn til einskilde langtidfråvær er sjukefråværet 5 %, og styret ser på det som akseptabelt i eit år med pandemi. Teateret har interne rutinar for oppfølging av sjukemelde og har som mål å legge til rette for ein helsefremjande arbeidsplass. Det har ikkje vore meldt om alvorleg skade eller ulykker hos personalet i 2021.

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teateret arbeider systematisk for å redusere risiko og legge til rette for eit godt arbeidsmiljø, og har interne rutinar for varsling og handtering

av avvik. Vidare arbeider teateret under ordninga med inkluderande arbeidsliv (IA) og har avtale med bedriftshelsetenesta Avonova. Arbeid med å førebyggje trakassering og diskriminering har høg prioritet ved teateret. Det er lagt til grunn tydelege presiseringar i interne retningslinjer og null toleranse for all form for trakassering og diskriminering.

Teateret har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 16,8 årsverk kvinner og 14,2 årsverk menn. Av vitskapeleg og kunst- og kulturfagleg personale brukte teateret 12 kvinnelege og 9,3 mannlege årsverk i 2021. Styret består av to menn og tre kvinner. Av vara-medlemmene til styret er fem kvinner og to menn. Ved tilsetjing prøver teateret å utjamne eventuell ubalanse mellom kjønna.

EIGEDELAR OG MILJØ

TVL leiger administrasjons-, prøve- og verkstadlokale i Førdehuset av Sunnfjord kommune. Leigeavtalen med kommunen gjeld til og med 2023, men er i 2021 sagt opp grunna ny husleigeavtale med Storehagen Eigedom om leige av areal i Nynorsksuset.

Kommunen låner òg ut Gamle Prestegarden i Førde til teateret mot at teateret gjer vedlikehald av bygningen. Huset vert nytta som bustad til engasjert, tilreisande personale. Teateret leiger òg eit fjernlager i Førde.

Teateret eig tre leilegheiter sentralt i Førde, ein lastebil og ein person/varebil. Elles leiger teateret fleire transportmiddel og bustader der det er behov for det. Investeringsbehov vert vurderte kvart år i samband med budsjettarbeidet. Scena i Førde og trosseriggen til turné vert

sertifiserte kvart år. Anna teknisk utstyr i teateret sitt eige er i god stand, og det er ikkje meldt om skade på eige utstyr i 2021.

Teateret låner ut teknisk utstyr, kostyme og lokale til lag, organisasjonar, skular og teatergrupper. Teateret sitt personale bidreg òg med kompetanse og faglege råd til amatørar og frivillige der det lèt seg gjere.

2021 byrja arbeidet med å utforme strategi for berekraft. Målet er å vere klar med dette arbeidet i løpet av 2022. Arbeidet starta med bevisstgjeri i organisasjonen, forankring på leiarnivå med mellom anna deltaking på workshop i berekraftig produksjon i scenekunstheltet. Teateret har i all si verksemd mål om ikkje å ureine miljøet og delte i Norsk Teater og Orkesterforening (NTO) sitt arbeid med «grønt vegkart for kultur». Dette er ei satsing på å utvikle metodar for å gjere kunst og kulturinstitusjonar meir medvitne sitt ansvar for å nå berekraftsmåla.


SELSKAPSFORM OG STYRET

Teater Vestland er organisert som aksjeselskap og har ein aksjekapital på kr 100 000,- bestående av 10 aksjar à kr 10 000. Alle aksjane har like rettar og er fordelte med åtte aksjar hos Vestland fylkeskommune og to aksjar hos Sunnfjord Kommune.

VIDARE DRIFT

Styret si vurdering er at Teater Vestland har overhalde føresetnadane knytte til dei offentlege tilskota på ein framifrå måte og både resultat og oppnådde mål er tilfredsstillande. Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Førde, 21. februar 2022



Rasmus Mo
Styreleiar


Rune Høgenes
Nestleiar


Cecilie Grydeland Lundsholt
Teatersjef/dagleg leiar


Krystian Myska
Styremedlem


Frank Willy Djuvik
Styremedlem


Seneca Sabanovic
Styremedlem

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	Note	2021	2020
Billett og programsal		751 145	1 902 138
Anna salsinntekt	13	83 200	50 290
Driftstilskot	7	31 698 928	30 941 427
Sum driftsinntekter		32 533 273	32 893 855
Materialkostnad		902 681	588 696
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		1 307 010	1 189 760
Kostnad vedk. lokale	10	2 166 657	2 121 727
Lønskostnad	5, 6	22 332 580	21 225 772
Avskrivning	1	718 746	1 020 235
Annen driftskostnad	6	5 022 182	4 876 120
Sum driftskostnader		32 449 855	31 022 309
Driftsresultat		83 417	1 871 546
Renteinntekt		10 551	1 222
Rentekostnad		-50 614	-46 744
Årsresultat		43 355	1 826 024
Disponering av årsresultatet			
Overført til annan egenkapital		43 355	1 826 024
Sum disponert		43 355	1 826 024

BALANSE PR. 31.12.

	Note	2021	2020
EIGEDELAR			
Immaterielle anleggsmiddel			
Prosjekt Nynorskhuset	1	600 000	600 000
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1, 12	4 921 250	4 921 250
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	1	1 824 492	1 936 889
Sum varige driftsmiddel		6 745 742	6 858 139
Finansielle anleggsmidler			
Eigenkapitalinnskot KLP	5	0	655 038
Sum finansielle anleggsmidler		0	655 038
Sum anleggsmiddel		7 345 742	8 113 177
Omløpsmiddel			
Fordringar			
Kundefordringar	11, 12	251 256	633 462
Andre fordringar	8	39 085	31 726
Sum fordringar		290 341	665 188
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	5 844 204	1 319 984
Sum omløpsmiddel		6 134 545	1 985 172
SUM EIGEDELAR		13 480 287	10 098 349


	Note	2021	2020
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	3, 4	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital	3	5 163 323	5 119 968
Sum opptjent egenkapital		5 163 323	5 119 968
Sum egenkapital	3	5 263 323	5 219 968
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 180 176	346 336
Skuldige offentlege avgifter		1 493 036	1 421 619
Anna kortsiktig gjeld	9	5 543 752	3 110 426
Sum kortsiktig gjeld		8 216 964	4 878 381
Sum gjeld		8 216 964	4 878 381
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		13 480 287	10 098 349

Førde, 21. februar 2022


Rasmus Mo
Styreleiar


Rune Hegrenes
Nestleiar


Frank Willy Djuvik
Styremedlem


Senea Sabanovic
Styremedlem


Krystian Myska
Styremedlem


Cecilie Grydeland Lundsholt
Teatersjef/dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2021

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Inntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert. Offentlege tilskot vert bokført etter bruttomethoden.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventade levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader.

Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

Immaterielle eigedelar

Utgifter til eigen utvikling av immaterielle eigedelar kostnadsføres løpande. Utgifter til andre immaterielle eigedelar balanseførast i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigendel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsatt fall kostnadsførast utgifter løpande. Balanseført utvikling avskrivast lineært over økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til venta tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til innskotsbasert pensjonsordning er ikkje balanseført. Pensjonskostnaden er lik årets innbetaling.

Skatt

Teatret er ei ikkje-skattepliktig verksemd.

Note 1 Varige driftsmiddel og immaterielle eiendeler

	Personalhusvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Øvrige driftsmidler	Bygningsinnreing	Totalt
Kostpris 1.1.	4 921 250	100 000	2 696 069	419 814	3 026 837	1 751 032	17 847 840
Tilgang				96 760	509 590		606 349
Avgang							-
Kostpris 31.12.	4 921 250	100 000	2 696 069	516 574	3 536 427	1 751 032	18 454 189
Akk. avskrivningar 31.12.			2 173 092	299 754	2 551 731	1 751 032	6 775 609
Balanseført verdi pr. 31.12.	4 921 250	100 000	522 977	216 821	984 697	-	6 745 743
Avskrivningar i år	-	-	148 767	79 666	490 313	-	718 746

Immaterielle eigendelar gjeld balanseførte kostnader til prosjekt Nynorskhuset fra 2019. Bokført beløp er 600 000. Prosjektkostnadane avskrivas ikkje i 2021. Teateret fekk i 2019 kr. 270 000 i tilskot til dette prosjektet. 40% vart godskreve dei andre deltakarane i prosjektet. Teateret sin andel er gått til frådrag i dei aktiverte kostnadane.

Note 2 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	890 982	927 277

Note 3 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1	100 000	5 119 968	5 219 968
Resultat i år		43 355	43 355
Eigenkapital 31.12	100 000	5 163 323	5 263 323

Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærene per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Vestland Fylkeskommune	8	80 %
Sunnfjord Kommune	2	20 %
Totalt	10	100 %

Note 5 Pensjon

Teateret hadde fram til 30.06.2016 hatt ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan), då denne vart lukka. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse har i hovudsak vore avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Frå 01.07.2016 gjekk teateret over til ei innskotsbasert pensjonsordning. Det var i samband med overgangen balanseført eit eigenkapitalinnskott til KLP på kr 655 038,- under finansielle anleggsmidlar for handtering av forpliktelsane inngått i tidlegare ytelsesordning. Forpliktelsen er gjort opp pr. 31.12.21 ved overgang til ny pensjonsleverandør.

Teateret sine tilsette har i tillegg ei tariffesta AFP-ordning (usikra). Forpliktelsen ifølgje ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga finansierast gjennom premieinnbetalingar. Teateret si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Premie AFP-ordning	267 304	215 301
Pensjonspremie til innskotsordning	1 414 591	1 200 635
Pensjonspremie til kollektiv, lukka ytingsbasert ordning *)	0	0
Eigenandel pensjon tilsette	-237 482	-210 560
Tilbakebetaling av egenkapitaltilskudd til KLP forsikring	0	0
Netto pensjonskostnad i år	1 444 413	1 205 376

*) Selskapet har i 2021 dekkja den årlege premien til den lukka ytingsbaserte ordninga ved bruk av premiefond. Det er totalt belasta kr. 939 388 frå premiefondet. Innestående på premiefond pr. 31.12 er kr. 8 064 006

Note 6 Lønnskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønnskostnader	I år	I fjor
Løner og honorar	18 326 880	18 385 802
Arbeidsgjevaravgift	2 154 016	1 790 499
Pensjonskostnader	1 444 413	1 205 376
Lønnsrefusjon samarbeidsprosjekt	-42 732	-601 063
Andre lønsrelaterte ytingar	450 004	445 158
Sum	22 332 580	21 225 772

Det har vore 21 fast tilsette og 2 personar på årskontrakt.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	867 519	96 280
Anna godtgjersle	5 639	

Pr 31.12.21 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.

Revisor – Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret fordelar seg slik:

Revisjon	89 500
Innleige av økonomifunksjon og styreseminar	150 750
Juridisk bistand knytt til meirverdiavgift	199 499
Sum kostnadsført honorar (Beløpa er inkludert meirverdiavgift.)	439 749

Note 7 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten*	21 660 000	21 670 000
Ordinært tilskot Vestland Fylkeskommune*	7 228 928	6 978 571
Ordinært tilskot Sunnfjord kommune*	2 460 000	2 292 857
Øvrege tilskot frå Fylkeskommune, Stat og Kommune ved søknad	350 000	0
Sum	31 698 927	30 941 428

*) Delar av tilskota er øyremerkja Nynorskhuset, og er periodisert i tråd med påløpte kostnader. Kr. 1 350 000 er periodisert og kjem til reduksjon av kostnader ved prosjektet i 2022.

Note 8 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader	39 085	31 121
Periodisering inntekter	0	605
Sum	39 085	31 726

Note 9 Anna kortsiktig gjeld	I år	I fjor
Skuldig feriepengar/ løn	2 156 790	2 505 684
Påløpne kostnader	589 962	307 742
Periodisering av tilskot/gåvemidlar	2 797 000	297 000
Sum	5 543 752	3 110 426

Note 10 Leigeavtalar	Kostnadsført husleige
Husleigeavtale	1 716 777

Note 11 Kundefordringar	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	155 551	582 842
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Opptjent inntekt	95 706	50 620
Kundefordringar 31.12.	251 256	633 462

Note 12 Gjeld	I år	I fjor
Gjeld sikra med pant		
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	0	0
Sum gjeld sikra med pant 31.12.	0	0

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 3 mill.

Note 13 Spesifikasjon av anna salsinntekt	I år	I fjor
Inntekter frå utleige	58 200	16 957
Andre inntekter	25 000	33 333
Sum	83 200	50 290

Til generalforsamlinga i Teater Vestland AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert Teater Vestland AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Førde, 21. februar 2022
PricewaterhouseCoopers AS

Jan Flølo
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PERSONALE / STYRE OG VARA

LEIING

Lundsholt, Cecilie Grydeland *Teatersjef*
Selvik, Margunn Grytten *Direktør*

PRODUKSJON

Solbakken, Karoline *Produksjonssjef*
Røsandhaug, Kenneth *Teknisk sjef og turnéleggjar*
Nybø, Anders *Produksjonssjef (Vikariat)*
Hjelmen, Torbjørn *Teknisk sjef og turnéleggjar (Vikariat)*
Schwanitz, Christina *Inspisient*
Ramfjord, Beth Anita *Amatørteaterkonsulent*

MARKNAD, SAL OG INFORMASJON

Grande, Lene *Informasjons- og marknadssjef*
Wie Marion Aas *Marknadskonsulent*
Mjelleli, Kjell *Sal/marknad*
Hattestein, Heidi *Informasjonsrådgjevar (engasjement)*

ADMINISTRASJON

Hukset, Reinert *Økonomi- og administrasjonsarbeidar*
Digernes, Lillian *Reinhalдар*

TEKNISK PERSONALE

Eide, Tore *Teknikar*
Furevik, Kjell *Snikkar og teknikar*
Herland, Odd Magne *Teknikar*

Horne, Halldor *Sveisar og teknikar*
Myska, Krystian *Lysdesignar og lysteknikar*
Ringdal, Synnøve *Rekvisitør og sminkør*
Støfring, Reidun *Rekvisitør og teknikar*
Tomkiewicz, Robert *Lyd og AV-ansvarleg*
Vikøren, Kristina *Kostymeansvarleg (vikariat)*
Wingård, Anna *Kostymeansvarleg (permisjon)*

KUNSTNARLEG PERSONALE

Skodespelarar faste
Losnegård, Idun
Ottersen, Kyrre Eikås

ENGASJERTE SKODESPELARAR

Alisøy, Oda
Dybdal, Line
Furseth, Carina
Havre, Vibek Flesland
Hope, Christine
Husby, Julie Støp
Kalvø, Are
Mackenzie, Katrine Lunde
Støylen, Wilhelm
Sævoid, Tore Christian
Watn, Bård
Wiig, Anne
Aanderaa, Torgny

REGISSØR/KOREOGRAF/DRAMATURG

Byrne, Alex
Kjeldsberg, Kristina
Lie, Miriam Prestøy
Losnegård, Idun
Lundsholt, Cecilie Grydeland
Moe, Aslak
Nilsen, Ingrid Weme
Sandsund, Torkil
Stengele, Philip
Topp, Elisabeth
Ulfsby, Erik

MANUS/OMSETJING

Andersen, HC
Bakke, Tove
Børretzen, Odd
Dybdal, Line
Kalvø, Are
Kjeldsberg, Kristina
Lyngstad, Terje
Sandsund, Torkil
Svahnström, Marc

VISUELL DESIGN

Horn, Per Willy *Lysdesignar*
Lotherington, Mari *Scenografi og kostymedesignar*
Myska, Krystian *Lysdesignar*
Ringdal, Synnøve *Visuell konsulent*
Walstad, Unni *Scenografi og kostymedesignar-*

MUSIKK/LYD

Hall, Gregory *Komponist*

Halti, Frode *Musikar*

Hjelmeland, Thea *Komponist og musikkproduksjon*

Hjelmeland, Thea *Lyddesign*

Losnegård, Viljar *Komponist*

Marstrander, Mathias

Sletner, Ståle *Musikar*

Watn, Bård *Musikalsk ansvarleg*

Wyrztz, Jakob *Musikar og musikalsk ansvarleg*

ØVRIG ENGASJERT PERSONALE

Austnes, Gerd *Syerske*

Gjeryløw, Frode

Hesjedal, Mari

Knutsen, Raymond *Corrado*

Kveane, Frida *Noris Sufflør*

Lognvik, Elbjørg *Språkkonsulent*

Lotsberg, Asbjørg *Språkkonsulent*

Lyngstad, Terje *Språkarbeid*

Mandelid, Vivian *Reinhald*

Mulen, Laila *Reinhald*

Nymark, Torbjørn

Nyttingnes, Espen *Foto og film*

Rintler, Charlotte *Dekormålar*

Røsandhaug, Anette *Eide Syerske*

Røsandhaug, Henriette *V. Reinhald*

Szczycka, Joanna *Dorota Reinhald*

Søgnesand, Silje

Tømte, Viola *Othilie*

Veivåg, Vegard *Teknikar*

SAMARBEIDSPARTAR

Bekkjarkv Gjestgiveri hotel og suites

De historiske hotel og spisesteder

Det Norske Teatret

Førdefestivalen

Førdehuset

Innovasjon Norge

Jakob Sande senteret for forteljarkunst

Maritime Tours AS

Nordland Teater

Norsk Publikumsutvikling

Norsk Skuespillersenter

Riksteatret

Rom for ord

Rødne Fjordcruise

Sunnfjord kommune

Sunnfjord kulturskule

Teaterfestivalen i Fjaler

Vestlandske Teatersenter

STYRET

Styreleiar

Rasmus Mo – Vestland fylkeskommune

Nestleiar

Jenny Følling – Sunnfjord kommune

Medlemmar

Senea Sabanovic – Vestland fylkeskommune

Kristine Lie – Vestland fylkeskommune

Krystian Myska – Teater Vestland

Varamedlemmar

1. varamedlem **Hanne Oftedal**

– Vestland fylkeskommune

2. varamedlem **Lise May Sæle**

– Vestland fylkeskommune

3. varamedlem **Bjørn Harald Haugsvær**

– Vestland fylkeskommune

Varamedlem **Åsmund Berthelsen**

– Sunnfjord kommune

1. varamedlem **Idun Losnegård**

– Teater Vestland

2. varamedlem **Karoline Solbakken**

– Teater Vestland

3. varamedlem **Lene Grande**

– Teater Vestland



Kulturdepartementet

Førdehuset, Angedalsvegen 5, 6800 Førde
Tlf.: 909 90 600 | post@teatervestland.no
teatervestland.no | FØLG OSS PÅ:  